



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Ula kraft AS
Selsverket
2670 Otta

Vår dato: **18 DES 2013**
Vår ref.: 201107478-52 ksk/bth
Arkiv: 312/002.DJ1A0
Dykkar dato: 02.11.2012
Dykkar ref.: Ingar Stampen

Sakshandsamar:
Brit Torill Haugen

Ula kraft AS – Søknad om løyve til bygging av Ula kraftverk i Ula i Sel kommune i Oppland - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 02.11.2012.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til bygging og drift av Ula kraftverk med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova.

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagte KSK - notat 66/2013 - Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknadene til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld Ula kraftverk og tilhøvet dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

Før det vert utarbeidd tekniske planar for dam og vassveg, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og det må vere fatta vedtak. Konsekvensklassen er avgjerande for krav til sikkerheit som vert stilt til planlegging, bygging og drift, og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar. NVE sin saksbehandlar for godkjenning av tekniske planar er Jens Nicolai Thom i seksjon for damsikkerheit i tilsyn- og beredskapsavdelinga.

NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse. NVE sin saksbehandlar når det gjeld godkjenning av detaljplanar for miljø er Arne Hamarsland i seksjon for miljøtilsyn i tilsyns- og beredskapsavdelinga.

Vi viser elles til NVE sin rettleiing 1/2008 "*Veileder for planlegging, bygging og drift av små vassdragsanlegg med konsesjon*" som fins på <http://www.nve.no/miljotilsyn>. Vi framhever at det ikkje må setjast i gong noko anleggsarbeid før planane for arbeida er godkjende av NVE. Vi minner om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

Når kraftverket vert sett i drift, skal skjema for melding om idriftsetting av vasskraftverk fyllast ut og sendast til NVE. Skjemaet er tilgjengeleg på NVE sine nettsider.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

NVE gjer merksam på at den som ønskjer å starte kraftproduksjon minst ein månad i føreveg skal registrere verksemda i det tolldistriktet der verksemda har sin forretningsstad i samsvar med reglar frå Toll- og avgiftsdirektoratet. Registreringsplikta gjeld for kraftproduksjon i aggregat med generator som har ein merkeyting på 100 kVA eller meir. Kraft produsert i slike anlegg er avgiftspliktig. Årets rettleiar for forbruksavgift på elektrisk kraft finst på www.toll.no. Meir informasjon kan de få ved å vende dykk til næraste tollstad.

Forholdet til energilova

I tillegg til denne konsesjonen etter vassressurslova må ein ha nødvendig løyve etter energilova før utbygginga kan starte. Samstundes med innsending av detaljplanar må det liggja føre ei endeleg avklaring frå netteigar om at det er ledig kapasitet i lokalt og overliggande nett. I tillegg må tilknytning av høgspeintanlegg vere avklara med områdekonsesjonær. NVE vil ikkje godkjenne detaljplanane før dette ligg føre.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerar dei interesser som saka vedkjem). Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing


Øystein Grundt
seksjonssjef
Brit Torill Haugen
Overingeniør

Vedlegg: 2 Vassdragskonsesjon for Ula kraftverk
KSK-notat 66/2013